



Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1892 - 15/21341


Saksbehandlar:  
Christian H. Reinshol  
Christian.Reinshol@lindas.kommune.no

Dato:  
05.06.2015

## Høring av søknad om dispensasjon frå arealdelen av kommuneplanen og utviding av akvakulturanlegg ved lokasjon Ospeneset i Lindås kommune

Eide Fjordbruk AS og Fyllingsnes Fisk AS søker om dispensasjon frå arealdelen av kommuneplanen for å etablere eit nytt anlegg beståande av plastringar på lokaliteten Ospeneset i Lindås kommune.

Bakgrunnen for søknaden er at anlegget på lokaliteten havarerte tidlegare i år, og at ein no ynskjer å etablere nytt anlegg med plastringar som er betre tilpassa dei aktuelle værforholda som er i Fensfjorden. I tillegg vil eit plastringanlegg gje betre fiskevelferd og oksygenforhold. Eit plastringanlegg vil vere meir arealkrevjande enn eit tradisjonelt stålanlegg, og omsøkte plassering er i strid med avsett område til akvakultur i kommuneplanen.



Søknad med tilhøyrande dokument vert tilgjengeleg på Lindås kommune si nettside, [www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no), og vert også lagt ut i kommuneekspedisjonen på rådhuset i Knarvik.

Lindås kommune skal handsame dispensasjonssøknaden etter plan- og bygningslova og gjer endeleg vedtak etter dette lovverket. Kommunen skal vidare gje uttale til søknaden om auke i areal til Hordaland fylkeskommune som gir løyve etter akvakulturlova. Kommunen ynskjer merknader til søknaden om dispensasjon frå kommuneplanen og innspel til søknad om utviding av areal som kommunen vil sende vidare til Hordaland fylkeskommune.



Merknader til søknaden om dispensasjon må framsetjast skriftleg og innan **22.06.2015**. Merknader kan sendast til: *Lindås kommune, Arealplan, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø* eller via epost til [postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no).

Søknadsdokumenta vert ikkje sendt ut i papirformat, men er å finne i ekspedisjonen på rådhuset eller på heimesidene til kommunen.

Med helsing

Christian H. Reinshol  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad dispensasjon arealplan i sjø, Ospeneset.

Søknad dispensasjon frå arealplan i sjø, Ospeneset Mai 2015

Vedlegg 1. Ospeneset\_1033-A102 Kystsoneplankart

Vedlegg a. Ospeneset\_1033-A103.Olex 1-10 000

Vedlegg b. Posisjoner\_Ospeneset\_anlegg

Vedlegg c. Posisjoner\_Ospeneset\_flåte

Vedlegg 2b. Ospeneset\_1033-A104 Mærer-Anleggskisse

Vedlegg 2c. Ospeneset\_1033-A101 Sjøkart 1-50 000

Orientering om flytting av fortøyning N. Ospeneset

**Mottakrar:**

Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
Kystverket	Postboks 1502	6025	Ålesund
Austrheim kommune	Sætremarka 2	5943	Austrheim
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	Masfjordnes
Fiskeridirektoratet region Vest	Postboks 185 Sentrum	5804	Bergen
Fiskarlaget Vest	Slottsgaten 3	5003	Bergen
Berit Karin Sæverås	Sævråsvegen 400	5957	MYKING
Karstein Sæveraas	Solstrandvegen 161	9020	TROMSDALEN
Oddny Ingunn Kolås	Kolåsvegen 109	5955	LINDÅS
Bergen og Omland Hamnevesen	Postboks 6040	5892	BERGEN